

Rullering av kommuneplanens arealdel – Askøy

Innspill til prioritering av vekstområder

Askøy kommune er ein vekstcommune og i arbeidet med arealplanen er det svært viktig å være strategisk i plasseringa av nye bustad- og næringsområder. Målet må være å hindre ein spreidd busetnad som fører til økt biltrafikk, og dette er kommunisert i kommunen sine overordna prinsipp for rullering av arealdelen. Det har ikkje vore tradisjon for å bygge tett og kommunen er i dag prega av mange einebustader spreidd på øya. Dette stiller store krav til arealplanlegginga i tida framover. I planprogrammet er det skissert viktige strategiske arealstrategiar. Mellom anna vert det lagt vekt på at tenester skal lokaliserast til senterområder, og både bustadområder, næringsområder og idrettsanlegg skal primært ligge langs eksisterande kollektivnett. Eit viktig grep er å foreta tydelege val av områder som skal få særleg fokus for utvikling.

I første rekke bør kommunen konsentrere arbeidet om å utvikle Kleppestø til eit levende og attraktivt region- og kommunesenter. Attraktive arealområder i Kleppestø er i dag dominert av bilparkering, og kommunen sine planer for å transformere området til eit levande senter er svært viktig. Kleppestø er i dag det viktigaste handelssenteret og kollektivknutepunktet på Askøy og desse eigenskapene er det rom for å utvikle parallelt med å gjøre området Kleppestø – Myrane til eit attraktivt som bustadområde. Kollektivdekninga langs dette strekket er bra, og den korte avstanden gjer sykkel og gange aktuelt for mange. Askøy kommune har ein ung befolkning og det er i denne aldersgruppa det har vore størst endring i reisevaner, med mindre bilbruk og meir miljøvennleg reiseaktivitet i det daglege. Både sentralt i Kleppestø og området rundt bør det satsas på høg tomteutnytting og lav parkeringsdekning. Det bør merkast at kollektivandelen for Askøy kommune er høg, og dette skuldast særleg mange reisande til og frå Bergen.

Skyss arbeider kontinuerlig med å utvikle busstilbodet på Askøy innanfor tilgjengelige økonomiske rammer. Traseen mellom Kleppestø og Juvik vil vere en viktig trase sidan den betener viktige målpunkt som vidaregåande skole, Juvikområdet og korridoren vidare mot Ravnanger som er det nest viktigaste kollektivknutepunktet på Askøy

Behov for utgreiing

I planprogrammet er det skissert opp viktige tema for konsekvensutgreiing, og desse verkar å vere dekkande for vidare kartlegging. Kunnskap om ulike transportbehov, avstand til viktige målpunkt og trafikktryggleik er dekka, men knytt til ulike tema. Dette kan gjøre utgreiingar knytt til transport noko uoversiktleg. Det er til dømes viktig å sjå samanhengen mellom gang- sykkelveger, trafikktryggleik og avstand til skole.